

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gjestal

Emne: Bryne

Bygdelag:

Oppskr. av: Tore Arneson

Gard:

(adresse): Aalgaard

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, for det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR


1 Det vanlege ordet for bryne er Kvassteidn her i Gjestal. Men ein sers finkorna kvassteidn kallar me/ heidn.

2 Naa brukar ein mest bryne av kunststein. Det finns ikkje bergslag som høver til brynestein, daa grunnfjell (gneis) er eineraadande i undergrunnen her. Kan ikkje svara paa kor dei tidlegare fekk brynesteinane fraa.

3 Alle dei vanlege reidskapane vert fyst slipte paa ein rund slipestein og etterpaa "kvatte" paa "kvasstein". Men til "ragekniven" plar folk ha ein sers "heidn". Einare treskjerararbeid har diverre ingen tradisjon her.

4 Far min (f. 1855) fortalde oss paa barneskulen om den tid daa dei "tynnde" ut "jæene" (ljaaane) men han hadde ikkje sett det og eg tvilar paa om farfar (f. 1821) heller hadde sett det. Saa eg greider ikkje tidfesta daa slipinga kom i bruk her. Men naar far fortalde om gamle smeen paa Kydningstad (Peder I Kyllingstad f. 1/1 1800) og ljaaane hans forstod eg aldri anna enn det var slipeljaaar.

5 Kjenner ikkje til at liggjande slipestein har vore bruka i Gjestal. Slipesteinen var gjerne opsett i ein bekk, der vatnet over eit "fadl" vart førd gjennom eit "sloag" (slok) nedpaa slibekadlen som sto beinveges



koppla til slipesteinen. Aksen var lagra enten i ein sersstein, med rennande vatn til smurning, eller han laag i ein trestokk. Naar det kom regn om sommaren snakka dei om slibeavatn. Elles hadde dei gjerne ein tarvelegare stein i ein krakk heime som vart dregen med handamakt.

6. Kor lenge ein bruka ljaaen mellom kvar sliping kom mykje an baade paa kvaliteten paa ljaaen og korleis slaatten var. Steinhogde ein tidt saa det vart vandt aa kunna "kvedja" ut att "skaro" i "eggjo" maatte ein byta tidare, men hadde ein faatt ein god O.B (Ola Bollestad) K.H. (Karl Haugamork) eller T.G.K. (Tønnes G. Kverneland) - ljaa og der var godt paa slaatteteigen, gjerne med dogg, saa slo ein drygt ökta paa ei sliping

7 I min fysta barndom bruka me einast naturstein av meddels hardleik til aa kvedja ljaaen med, men före eg var konfirmera (1915) var alt dei hardare küststeinare komne i bruk. Det var visst norskamerikananar som drog dei heim, for steinane var kalla "dei amerikanske". Ein bruka gjerne desse ved sida av de/gamle og kvatte ut steinhogg med dei, saa "jåna" ein ut egga med ein finare naturstein. Bryne av tre har eg ikkje set paa desse kantar av landet, og heller ikkje höyrt snakk om dei.

8. Ljaaen har alltid vore teken or orvet naar han skulde slipast, og folk i dei landsluter som hadde ljaaen fast naar dei slipa vart hødde av vaare slipemeistrar. Eg har aldri sett eller höyrt gjete nokon som har halde egga fraa seg naar dei slipa ljaa-ar.

9 Naar ljaaen skulde brynast stöyrde ein "pigjen" av orvet i jorda og heldt med vinstrehande over ljaaen paa ein slik maate at handa kunde fylgja med utetter ljaaen naar ein strauk med kvasssteinen. Slaattarane hadde gjerne kvar sin personlege matte aa "kvedja" paa, slik

- at ein ^{av} ljoden kunde seija kven som kvatte. Somme drog bryne skiftevis paa kvar sida utetter ljaeen, andre skulva han litt innpa føre dei drog ut, andre gjorde fleire drag paa kvar sida føre dei bytte over paa den andre og somme førde han slik at han teikna ein sektor for kvart drag. Den som fekk det til slik at han slo paa ljaeen med brynet vart rekna for ein daarleg "kvedjar" Men ein maatte alltid faa siste draget paa egga paa övresida slik at egga vart vend nedetter, dette var ei betre "kvaada" enn naar ein vende egga fraa marka. Stutturv har vore saa lite bruka i Gjestal i mi tid at eg kjenner ingen tradisjon. Men det eg har set har orvet vore halde mellom knea og ljaeen vart gjerne kvatt ferdeg fyst paa undresida og saa paa övresida. Sameleis med sigden.
10. Kvassteidn vart boren i ein "skolp" som var laga av eit "udgroba" trestykke av björk eller raudn.
11. Eg har aldri sett eller höyrt om "skolp" av horn.
12. "Skolpen" hekk paa ryggen noko mot högre sida i ei lerreim, "skolpareim"
13. Hadde ein skolp var det vatn i denne og kvassteidn heldt seg "vaade". Felte skolpen og ein hadde kvassteidn i lommen, sputta ein paa han naar det skulde kvedjast. Og dette var ogsaa vanleg bruk paa "heidn" naar rakekniven skulde "opsedjast". Men eg har set dei som har bruka olja i dette hövet.
14. Heiner meiner eg aa ha höyrt, men knapt i Gjestal.
- 15 16 17 18. ~~Alt~~ er framandt for meg.
19. Ikkje noko sers var sagt, men kvar hadde sin naturlege ljod: tvi, tjo eller liknande.
20. Ukjend.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.